

# ÅRSMØTE HJELMELAND TURLAG

**30.01.25 kl. 19.00 på Spinneriet**

Sakliste :

Godkjenne innkalling og sakliste

Val av møteleiar og referent

Årsmelding 2024 m/økonomi

Info Bjødnabu og Viglesdal

Info frå Stavanger Turistforening v/styreleiar Gunhild Holtet Eie

Innkomne saker

Val

Takkegåver til våre lokale medhjelparar mfl. 2024 + trekning turbøker

Turprogram 2025

Pause med mat



**"Å gå dei lange turane - aleine"**  
**v/Kjell Gunnar Valheim**

Møtet er ope for alle, både medlemmer og ikkje-medlemmer.

Styret  
Hjelmeland Turlag

## ÅRSMELDING 2024, HJELMELAND TURLAG

I 2024 har me vore med på, og arrangert, eit mangfald av kjekke aktivitetar, foredrag og turar. Noko vart planlagt når me jobba med programmet for 2024, noko er kome til undervegs. Me har hatt «vanlege» turar, tradisjonelle arrangement og turar, som dugnad til Viglesdal og vore med på Ryfest og julemarknad.

Og så har me hatt andre arrangement som er «Once in a lifetime». Me starta med foredraget «Trango» på Hjelmeland Samfunnshus 18. januar. Salen var full, kjende personar innan klatremiljøet var på plass, og Stein P Aasheim sa at dette nok var siste foredraget i denne kategorien. Lars F. Nessa og Audun Hetland var gode folk å ha med på laget både for at arrangementet blei noko av, at det blei i Hjelmeland, og var med på å gjere det til ein fin kveld. Snøen lava ned denne dagen, men likevel kom folk frå fjern og nær. Me er imponerte over både det som blei fortalt denne kvelden, og over alle som kom.

Generelt er me takknemlege og imponerte over alle dokk som kjem og blir med på arrangement, engasjerer dokk som frivillige, kjem med tips til turar og arrangement, gir konstruktive tilbakemeldingar og støttar oss både mentalt og fysisk og økonomisk.

### Takk til:

- medlemmer: me har 302 medlemmer i 2024. Hjelmeland ligg på 2.plass i Norge i tal medlemmer ift folketaket, mellom 11-12 %. Me har litt nedgang i medlemstalet, dette ser me hjå fleire foreiningar med høg prosent medlemmer i høve til folketal.
- dugnadsfolk, medhjelparar og tilsynsvakter/hyttevertar i Viglesdalen
- kjentfolk på turane våre
- frivillige lokale lag me har hatt samarbeid med, t.d. bygdekinnelag
- Hjelmeland kommune v/mange avdelingar og personar.
- andre aktørar, bla Trodla-Tysdal og Bygdeboknemnda for ny bygdebok i Årdal.
- STF som me er eit lokallag under, som backar opp ideane våre og drifta vår.

### STYRET 2024:

Svanhild Hjorteland Gbada	2023/2024	leiar
Astrid Rosså	2024/2025	nestleiar
Nils Egil Hetland	2023/2024	koordinator Viglesdal
Anne Kari Skogerbø	2024/2025	sekretær/kasserar
Paul Øvrehus	2024/2025	styremedlem
Gunnulf Sande	2024/2025	materialforvaltar
Asbjørg Kalvåg	2023/2024	styremedlem

### Valkomité:

Paul Øvrehus (representant frå styret), Elisabeth Hausken Nessa og Steffen H. Vadla.

Styret har hatt 6 styremøte i 2024, i tillegg har me vore representert på andre møte, i komitearbeid, planleggingsmøte for deltaking på Sommarmarknad i staden for Sankefestival, og møter med STF bla. Heile styret fungerer som turkomité. Me deltok på kontaktforum for frivillige lag og organisasjonar i regi av Frivilligsentralen. Me var påmeldt på felles samling for STF og dei lokale turlaga i januar på Jæren, men måtte følgje fjellvettreglane og lytta til vervarsel og snudde i tide. Me har og hatt ei styresamling på tur til Kaldavatnet hjå tidlegare kulturleiar Eldfinn.

## TURPOSTAR SOM TURLAGET HAR ANSVAR FOR:

Me vil takka alle som er fadrar for turpostane våre!!

- \* Gapahuk ved Ritlandskrateret: Styret et fadder. 612 stk
- \* Strenjatonå: Endre Nordbø og Åsmund Sirevåg er fadrar. 264 stk
- \* Skomakarnibbå: Jan Dagfinn Viken fadder. 520 stk.
- \* Hjelmen: Gunnulf Sande fadder. 944 stk
- \* Jørmeland: Morten Hetland fadder.
- \* Sandsåsen post 1: Kristin Kostøl Helgaland fadder.- gammal bok 18 stk + litt i ny.
- \* Sandsåsen post 2: Anne Espeland Halsne fadder – 150 stk
- \* Sandsåsen post 3: Ola Sørensen-Mjølhus fadder.

**Hjelmeland Sparebank/Rogaland Sparebank** sponsrar med turbøker og premiar ved trekning frå bøkene. Takk!

## BJØDNABU

Me eig gapahuk som står open for alle. Her er bålpanne og bord & benker.

Me har t.o.m. 2024 hatt ansvar for reinhald/drift av toalettbygget. Hausten 2024 reparerte me ein lekkasje i bygget. I desember sa me opp driftsavtalen som me har hatt med kommunen. Me avslutta drifta med å gjere reint etter arrangementet vårt «Heile Norge båler» 18. januar 2025. Det er kommunen som eig toalettbygget, me har hatt driftsavtale med kommunen sidan bygget blei sett opp i 2011.

## VIGLESDAL

Hjelmeland Turlag har tilsyn og dugnad på 3 hytter i samarbeid STF. Nils Egil Hetland er vår koordinator. Mange var med på dugnaden i april. Det er av og til hyttevertar i Viglesdal, det gjer behovet for ordinært tilsyn litt mindre.

Me hadde tilsyn i starten av november, oppsummering/vareteljing for 2024 og sett kva som må planleggast til dugnad og drift i 2025.

## ØKONOMI.

Me er integrert i STF sitt økonomisystem og har difor ikkje eige rekneskap til godkjenning på årsmøtet (skjer via STF sitt årsmøte). Tidlegare har Sankefestivalen gitt oss både dei største utgiftene og inntektene (tilskota). Me søkte tilskot for 2024 også, men mindre enn før og opplyste at for 2024 vil det bli eit felles arrangement Sankefestival/sommarmarknad, med torg og aktivitetar, men ikkje foredrag og kurs. Me har og søkt tilskot til barneaktivitetar – klatredag og aktivitetar Ryfest.

Me fekk bla kr 14.000,- frå Ryfylcefondet og kr 5000,- frå Lyse spirer – desse tilskota blir utbetalt i januar 2025 og er ikkje med i rekneskapen for kalenderåret 2024. Det er søkt både driftstilskot og tilskot til prosjekt frå Hjelmeland kommune.

**2024 gir oss jf rekneskapen ført hjå STF eit underskot på kr 61 656,-.**

Inntekter totalt	kr 48 448	Utgifter totalt kr 110 104
Inntekter billettsal Trango 18. januar – ca 30 billettar gir inntekter på kr 10 000,- i 2024. Resterande billetter er selde i 2023, og difor ført på rekneskapen i fjar.		Noko løn til tilsette i STF blir ført på dei lokale Turlaga i rekneskapen, sidan dei gjer ein del tenester knytt til turlaga.

Salsinntekter; pinnebrød og kart Ryfest, billettar «Høgt og lågt i Jøsenfjorden», og graut julemarknad og liknande. Det er og nokon inntekter i desember som gjeld påmelding til arrangement i mai 2025.	
<b>Tilskot</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>-kr 10.000 Hjelmeland kommune til prosjektet festival/marknad</li> <li>-kr 10.000 Hjelmeland kommune driftsstøtte,</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- leige av Hj.samfhus til Trango ca 7000</li> <li>- reiserekning mm Trango</li> <li>- årsmøtemat</li> <li>- maling til «Kulturprisbenk»</li> <li>- premiar sommarmarknad med sanketema og turlagsaktivitetar kr 2200,-</li> <li>- orienteringsutstyr – flagg/tenger mm.</li> <li>- premiar aktivitetar Ryfest, div gavekort/medlemskap både årsmøte og Frivilligtorg,</li> <li>- reperasjon av lekkasje toalett Bjødnabu, del av driftsavtale kr 15750,-</li> </ul>

## KULTURPRISBENK.

Hjelmeland Turlag fekk kulturprisen i 2023. I staden for at laget skule få eit måleri el.l. sa me at me ville ha ein benk som skulle plasserast ein stad der den er til allmenn nytte. Me fekk spesiallaga benk av Sven Arne Ovesen.

Turlaget kjøpte maling og mala den «turistforeiningsrød»



## HEIE PÅ KAREN

Me heiar på Karen og i november la me ut Facebookarrangementet «Finn din Sydpol – gå med Karen». Meir om dette i 2025 😊

## MARKNADSFØRING/INFORMASJON

Turprogram 2024 er laga på eit enkelt A4 ark som har vore til utdeling på årsmøte, arrangement osv. Elles er det kunngjeringar på Facebook og Hjelmeland kommune sin «kva skjer»-kalender + plakatoppfeng. Turane våre ligg kronologisk etter dato på heimesida til Stavanger Turistforening, under Hjelmeland Turlag. STF har laga nokre trykksaker der litt av vår aktivitet kjem med, og det er laga eiga brosjyre om Hjelmeland Turlag. Facebooksida vår [www.facebook.com/HjelmelandTurlag](https://www.facebook.com/HjelmelandTurlag) er vår viktigaste informasjonskanal med ca. 2000 følgjarar. Me brukar den aktivt om turar, dugnad o.a. Nettportal via DNT: <https://www.dnt.no/dnt-der-du-er/stavanger-turstforening/hjelmeland-turlag/>

Epost-adresse: [hjelmeland.turlag@dnt.no](mailto:hjelmeland.turlag@dnt.no)

## OPPSUMMERING AKTIVITETAR 2024

### Trango 18. januar Hjelmeland Samfunnshus

Om risiko og klatring og ekstremt friluftsliv. Om turen i 1984, og 2008 då ein klatra Norskeruta på ny. Stein P Aasheim og Sigurd Felde har vore til Trango på kvar sin tur. Lars Flatø Nessa og Audun Hetland hadde kontaktar, var programleiarar. Fullt hus, dvs. ca. 170 stk.

### Årsmøte 22. februar på Spinneriet

Vanlege årsmøtesaker, takk til kjentfolk, val, presentasjon av turprogram 2024, Steffen H. Vadla om turar i Hjelmebandsheiane, havregraut av Bygdekinnelaget. 70 fysisk og ca 30 følgde direktesending på Facebook.

### **Skitur Melands-Grønahei 6.-7.april**

Avlyst fredag 5. april pga dårlig værmelding, vind og regn og skodde  
(Var fullteikna – hadde plass til 10 stk + 3 turleiarar, Svanhild, Astrid og Steffen.)

### **Dugnadstur til Viglesdal 17.-21. april**

Flyging torsdag til Viglesdal og Stakken mm v/STF + for andre hytteeigarar og beitelig mfl.  
Blei 15 stk på dugnaden. Folk kom og gjekk, var folk frå onsdag tom søndag.  
Kaldt m/snøbyger torsdag, nydeleg sol og fint søndagen. «Vanleg dugnadsarbeid» er bla skifte  
av sengkler, vask og ved. Blei elles lagt steinheller ved hytta, mot gangbru, laga ny sittebenk  
langs sørveggen på nyaste hytta, og rydding av rotvelter.

### **Klatedag for barn 21. april**

Ca. 50 stk var innom inkl. føresette. Masse ivrige barn. Stort sett 4 tau i  
veggen heile arrangementet. Lars Flatø Nessa ansvarleg, hadde med Tore  
Stendahl, Tarjei Tørre Asprusten og ei velvillig mor som sikra. Sol frå blå  
himmel.



### **Opning fiskerihavn, avduking kulturprisbenk mm 27. april.**

Hjelmeland kommune sitt arrangement, avduking av «Kulturpris-benken», og  
Turlaget stod for grilling av gratis mat som kommunen spanderte (pakkar med  
laks/kveite og grønsaker, og pølser). Ca 80 stk. Etterpå gratiskonsert Kjell Inge  
Torgeresen.

### **Bålmatkurs Trodla-Tysdal 27.-28. april**

Hilde Grøtte # ete ute hadde kurs. Samarbeid med Trodla-Tysdal.  
Overnatting, påmelding. Nils Egil Hetland med frå Turlaget, Marta Tysdal kjentmann med frå  
Kleivaland. 10 deltarar. Nydeleg ver laurdag. Laga bla 4 retter i Trodla-Tysdal. Ikkje fullt så  
fint ver på heimturen. Dette gav bokstavleg talt meirsmak, det blir nytt arrangement i 2025.

### **Måland-Svadberg 28. april**

Paul Øvrehus turleiar, Jostein Langvik med og fortalte historie. Opna huset på Driftland for  
pause. Var ute Bjørkestølen.

### **Kusymretur til Britatødne på Jøsneset 7.mai**

Svanhild turleiar, 3 deltarar utanom. Opp frå Åsland til Britatødne, mykje kusymre, kvitveis,  
fioler og andre vårbloumar. Utsikt frå Tausanibba, ned til Åsland.

### **Rage 9. juni**

Bygdeboknemnda for ny bygdebok for Årdal inviterte  
Turlaget til å arrangere felles tur. Arne Kleppa kjentmann  
og med frå bygdeboknemnda. Gjekk tur/retur Bjødnabu  
via Kaldavatnet mm. Deltarar frå Hjelmeland, Fogn,  
Strand, Erfjord mm. Odd Trygve Meland, som er  
oppvachsen i Holmane, møtte oss på Rage, han kom via  
Holmane.



### Skuteheia ut 14. juli

Fra Ulladalen til Vadla i Jøsenfjorden via Skuteheia og Segadal. Langtur 17 km, berekna 9 timer. Svanhild turleiar og Ruth-Jorunn Segadal Breiland kjentmann.

Arne Breiland med som kjentmann og historieforteljar til «Kodejakta» ca. før Fagerstølen, retur til Ulladalen, mogleg med kortare tur for dei som ønskte det.

Lett regn og noko lokal skodde i starten, sol og lettskya ettermiddag. 3 stk snudde etter kode, 8 stk gjekk heile turen. Innom Segadal og fekk nysteikte lappar/vaflar av Reidun. Tilbod om båtskyss frå Segadal, ingen nytt tilbodet.



### Sommarmarknad med sanketema og turlagsaktivitetar 27. juli kl 12.00-15.00

Kommunen arrangør, me hengt oss på med våre aktivitetar og konkurransar i staden for eigen Sankefestival. Turlaget hadde pinnebrødsteiking, pop-korn, bålkaffi, o-løype med premiering, stintefiske premiering 3 klassar, mest, minste og største fisk. Kåring av beste sankeprodukt, 17 innleverte produkt - premiering. Lokal jury. 10-12 hadde stand på marknaden. Fint ver til arrangementet. Fleire hundre deltok, veldig bra til å vere sommarmarknad, mindre enn sankefestival. Enkelt når me slapp rigg og rydding til heile arrangementet. Kommunen rigga telt og bord og stolar, alle tok ned eigen stand.



### Ulladalsvegen 100 år – jubileumsvandring 31. august.

Me var med i komiteen ei stund i starten. Fekk beskjed i august at det ikkje var behov for oss som medarrangør lengre. Sogelaga og kommunen arrangørar. Me marknadsførte. Var over 100 stk på turen og ca. 40 til middag på kvelden.

### Ryfest 7. september – Kom deg ut dag

Stand på dagen på Ryfest. Vanleg aktivitetar med pinnebrød og kaffi på bål + orienteringsløype i Vågen, natursti og quiz med bilde «kor i Hjelmeland?». Premiering desse 3 konkurransane. Hadde kart der folk kom med turforslag. Nydeleg ver, sol og fint. Me vann premie for beste stand utandørs 😊



### Hausttur til Melands-Grønahei 14. -15. september

Fullbooka tur med 12 påmelde + 3 turleiarar. Opp via Fjellsenden, Vasstøl, Skitholstølen, ned turistløypa, stopp på Bjødnabu.

### 80 år makering flydropp Brogaheiå 22.9

Var først snakk om å ha det 17.11, på jubileumsdatoen, blei for usikkert i høve vær og forhold. Kommunen og HV arrangørar, Nils Egil med frå Turlaget. Nesten 100 stk, sol og varmt fint ver. Båt over Liarvatnet, v/Norsk Folkehjelp.

### **Høgt og lågt i Jøsenfjorden – 8. oktober**

Bildeforedrag på Spinneriet, med Åse Sellereite som har gått rundt fjorden og Bjørn Mihle Laugaland som har rodd/seilt fjorden. Pause mellom innlegga med kaffi/te og eplekake. Nesten 100 møtte. Kom reisande frå nabokommunar også.

### **Stand på Frivilligtorget 19. oktober - Spinneriet**

Me hadde stand der me «søkte etter frivillige», informerte om medlemsfordelar og hadde konkurransar. Svanhild og Astrid var på stand. Traff mange andre hyggelege frivillige.

🍁 Juryen premierte standen vår, beste stand til å formidle at me vil ha fleire frivillige med i laget, premie - gavekort kr 2000 frå Hjelmeland kommune.

🍁 Me fekk fem positive nye frivillige på «ringevikar»-lista vår 🙌

### **Foredrag med Anne Sverdrup-Thygeson 6. november - Biblioteket**

Anne er skogforskar/biolog/forfattar. Arrangert saman med Ryfylkebiblioteket Hjelmeland Ca 60 stk. Foredag og deretter spørsmål frå salen.

### **Julemarknad 30. november i Hjelmelandsvågen kl. 15.30 – 18.00**

Turlaget grautkafe i Grøna rommet, spidding av pølse på bål. Var rift etter pinnebrød. Var vått og mildt. Mange boder i Vågen.

Naturquiz med premiering.

Tippekonkurranse: kor mange grauttallerkar sel me ila dagen? 56 tallerkar blei selt. Premiering.